

SAK 15/11 SØKNAD BULYST 2011

Saksopplysning

Korleis kan det bli meir attraktivt å busetje seg i distriktskommunar? Dette spørsmålet er utgangspunktet for ei satsing på Bulyst i regi av Kommunal- og regionaldepartementet. Det er eit uttrykt mål for Regjeringa å legge til rette for at lokalsamfunn i distriktsområde vert meir attraktive å bu i og flytte til. Gjennom lokale og regionale utviklingsprosjekt ønskjer KR D å utvikle ny kunnskap om kva som påverkar folk sine val av bustad. KR D ønskjer også å ta del i nokre framtidiretta og nyskapande pilotar for å utvikle samarbeidet mellom forvaltningsnivåa kring attraktive lokalsamfunn.

Måla for satsinga er å:

- Legge til rette for at distriktskommunar vert meir attraktive som varig bustad
 - Samle kunnskap om kva som påverkar folk sine val når det gjeld bustad
- Satsinga skal fokusere på tiltak som kan gjere distriktskommunane meir attraktive å bu i. Departementet er oppteken av at satsinga skal støtte opp under gode lokale og regionale pilotprosjekt som er godt forankra.

Kommunal- og regionaldepartementet har for 2011 lyst ut 47 millionar kroner til Bulyst. Søknadsfrist til KR D er 18. mai, men det er og lagt opp til at søknad skal gå via fylkeskommunen for handsaming og prioritering.

KR D Legg stor vekt på samarbeidet med fylkeskommunane og vil denne gongen berre støtte lokale og regionale prosjekt som har vore sakshandsama av fylkeskommunane og søknadar fylkeskommunane prioriterer og vil vere med og medfinansiere.

I 2011 er satsinga til Bulyst konsentrert rundt fem ulike tema:

- Integrering av innvandrarak og andre tilflyttare i distriktsområde.
- Kulturbasert stad- og næringsutvikling
- Utviklingsprosjekt retta mot ungdom
- Nye løysingar for viktige tenestefunksjonar og arbeidsplassar i distriktsområde
- Omdømmearbeid

KR D vil gjerne få fram prosjekt som er kreative og nyskapande, og som kan ha nasjonal interesse. I tillegg ynskjer dei å få fram prosjekt av ein viss storleik, slik at prosjektporteføljen ikkje blir for omfattande. Forprosjekt blir ikkje støtta i 2011.

Ål 22.3.2011

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg: Skisse til søknad.